


# KYRKJEBBLAD


for

## NORD-FRON


Nr. 1 • APRIL 2017 • Årgang 62



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Søndorp kyrkje



*Inntoget i Jerusalem. Tavle i Lom kyrkje.*

*Ver helsa, Davids son,  
vår livsens lengt og von,  
Guds einborne  
som overvann  
vår fiendsmann  
og for oss sprengde dødens band!*

(Matias Skard)

### FASTEAKSJONEN TYSDAG 4. APRIL

Ta godt i mot konfirmanten som kjem på  
døra di med bøsse! Du kan bli med på å bore brønnar  
der folk manglar reint vatn!

Les meir om Kirkens Nødhjelps fasteaksjon på side 6.

# TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor  
Tlf 612 16 290  
Kyrkjeverje: Ragnar Løsnelsløkken  
Tlf 612 16 292  
Sekretær. Grete Bakken  
Tlf 612 16 290

**KONTORTIDER:**  
Kl 09.00-12.00  
og elles etter avtale

**SOKNEPREST:**  
Jens Petter Ous  
Tlf. kontor 612 16 293  
Mobil 975 74 993  
**VIKARPREST:**  
Maria Walfridsson  
Tlf kontor 612 16 294

**DIAKON:**  
Ingunn Liseter  
Tlf kontor 612 16 286  
Tlf mobil 976 82 694

**TRUSOPPLÆRAR:**  
Hildegunn Maria Haanes Ruset  
Tlf kontor 612 16 286  
Tlf mobil 959 35 300

**KANTORAR:**  
Lars A Mensonides  
Tlf: 95 46 03 51  
Cindy van der Leden  
Tlf. 95 46 13 56

**SØDORP SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Åse Brit Kappelslåen  
Tlf 415 07 846  
Kyrkjetenar/gravar:  
Anders Stø  
Tlf 612 90 974/909 60 650  
Kyrkjetenar:  
Frank Varpestuen  
Tlf 456 06 026  
Kyrkjetenar Ivar Kvande

**KVAM SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Eli Anita Lillereiten  
Tlf 996 22 966  
Kyrkjetenar:  
Svein Fredrik Kjæstad  
Tlf 908 45 584

**KVIKNE SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Kristian Ekre  
Tlf 612 95 832/911 31 563  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**SKÅBU SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Unni Bøyum Kluge  
Tlf 932 92 209  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**FAMILIE-RÅDGJEVING**  
Kirkens Familierådgiving  
Storgt 21, 2670 Otta  
Tlf 612 30 536  
Kl 09.00 – 14.00


Grafisk produksjon:  
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



# HEIM OG KYRKJE



## Døypte



## Døde

### SKÅBU

Erlend Sande Wangen

### KVIKNE

Even Dahlén  
Nora Johanne Berget  
Lotta Bratlien

### KVAM

Tobias Brendstuen  
Gunhild Myromslien  
Thea Sletten

### SØDORP

Magnus Kalstadstuen Wahlquist  
Emma Andersen Haug  
(døypt i Sør-Fron)  
Amanda Bjørgeengen  
Dalseghagen  
Mats Andre Åmodt  
Tiril Olsen Karenstuen  
Viktor Byrløkken Næss  
Lucas Leander Haverstad  
(døypt i Sør-Fron)  
Haakon Kolås Ryen  
Anna Louise Einlien  
Anna Byrløkken Hagen  
Vemund Sjåstad  
Signe Lilleseter  
Even Tamburstuen

### SKÅBU

Knut Mikal Sande

### KVIKNE

Oddmar Bekkesletten  
Knut Smikop  
Johannes Bekkum

### KVAM

Marta Tangen  
Kari Moldal  
Ola Brendstuen  
Hjørdis Holten  
Jakob Slåstuen  
Amund Stø  
Magnus Stø  
Irene Enget  
Solveig Iversen  
Elin Randen (gravlagt Nord-Sel)

### SØDORP

Ragnar Øvrelid  
Per Budberg  
Solveig Vaet  
Odd Furuheim  
Rolf Storholm  
Anne Lise Davidhaugen  
Pål Bøløkken  
Tordis Green  
Eva Lindviksmoen  
Sigrid Waagø  
Kari Marie Wahlquist  
Åse Berge  
Astrid Storeide  
Kristian Haugerud

### KYRKJEBLADET TAKKAR

for gáve kr 2000,- frå Kvikne Sanitetsforening.

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

**Heimeside:** [www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no)

### NESTE NUMMER

av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i juni 2017.

Frist for stoff: 20. mai.

### KYRKJEBLADET FOR NORD-FRON

Redaktør: Kjartan Ruset tlf 416 25 803 E-post: [kjaru@online.no](mailto:kjaru@online.no)  
Redaksjons-komité: Randi Brendløkken (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),  
Egil Myhre (Kvam), Jens Petter Ous

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra  
Kontonummer: 2095.49.59776

# Påsken – et nådens tegn

I år markerer vi at det er 500 år siden reformasjonen. Å reformere betyr å *forandre*, og det ble helt klart store endringer i både kirke og samfunn. En av de store oppdagelsene til Martin Luther og hans meningsfeller var betydningen av *nåde*. Mennesker blir rettferdige for Gud ene og alene gjennom Guds nåde slik som den ble gitt oss gjennom Jesus Kristus. Og jeg tenker at det knapt finnes et sterkere avtrykk av nåde enn i budskapet fra den hellige påsken i Jerusalem for 2000 år siden.

Den stille uke er en bevegelse fra fest og glede, gjennom måltidsfellesskap med gode venner, til død, fortvilelse og rádvillhet. Det er en realitetsbevegelse – i denne uken gjennomlever Jesus mange av sidene ved det å være menneske. Derfor er det så sterkt at kjærligheten viser seg så overmåte stor – Jesus reiser opp på påskedag! Død, fortvilelse og rádvillhet vendes til liv, håp og glede! Påsken står i kjærligheten og nådens tegn – og Jesus kommer oss i møte med å si: «Frykt ikke!». Disse to enkle ordene som er så godt å høre!



Årets reformasjonsjubileum gir anledning til å reflektere over det som har vært – men det er like viktig å se fremover. Arven fra reformasjonen, om betydningen av nåde er like aktuelt i dag som den gang. Vi trenger alle nåde – samme hvor vi er i verden og samme hvem vi er. Nåden er gratis – gitt oss alle gjennom Jesus Kristus. Påsken er det sterkeste vitnesbyrdet – et nådens tegn.

Så la oss være nådige med hverandre denne høytiden! Ved å se på hverandre gjennom *linsene av nåde* kan vi skape gode øyeblikk, for ofte er det faktisk ikke mer som skal til!

## Velsignet høytid!

*Solveig Fiske, biskop*

# Påska i Nord-Fron

## PALMESUNDAG

Kvikne kyrkje kl. 11:

Skåbu kyrkje kl. 19:

Høgmesse v/Maria Walfridsson

Ungdomsgudsteneste v/Maria Walfridsson og ungdomar frå leiren på Slangen. Nattverd.

## SKJÆRTORSDAY

Søndorp kyrkje kl. 17:

Kvam kyrkje kl. 19:

Nattverdgudsteneste v/ Jens Petter Ous

Nattverdgudsteneste v/ Jens Petter Ous

## LANGFREDAG

Søndorp kapell kl.11:

Skåbu kyrkje kl. 19:

Sikkilsdalsæter kl. 21:

Langfredagsmesse v/ Maria Walfridsson

Langferdagsmesse v/ Maria Walfridsson

Påskeandakt v/ Jens Petter Ous

## PÅSKENATT

Kvam kyrkje kl. 23:

Påskenattsmesse for Sør-Fron, Nord-Fron og Sel. Nattverd.

## PÅSKEDAG

Søndorp kyrkje kl. 11:

Kvikne kyrkje kl. 11:

Skåbu kyrkje kl. 18:

Høgtidsgudsteneste v/Maria Walfridsson.

Høgtidsgudsteneste v/ Jens Petter Ous

Høgtidsgudsteneste med nattverd v/ Jens Petter Ous

## 2.PÅSKEDAG

Sundheim kl. 10.30:

Høgtidsgudsteneste v/ Maris Walfridsson



# *Under de samme stjerner*

Det kveldes ved hytteveggen, snart sover de vakre fjell  
Tusmørket faller tidlig – sommeren er på hell –  
Det suser så sakte fra bekken, det ånder av fred i kveld.  
Det glir en båt på stille vann – det vaker fisk.  
Ei andemor med fire små ror tillitsfullt langs land –

Der oppe skinner månen klar, og stjerner blinker over.  
Jeg sitter i mitt lune bo – her råder slik velsignet ro.  
Min penn er villig, stunden god.  
Så skribler jeg og skriver litt – mens kjæresten min sover.

Jeg tenker på hvor godt det er å ha det slik som vi,  
Som er forunt å leve her – i fred, og være fri –  
Å ha et hjem, å ha et land – en vennekrets så trygg og god –  
Kan nyte denne stille ro.  
Så langt fra krig og sult og nød, så langt fra skrik og frykt og død –  
Her kan vi leve ut vår trang, la verden gå sin skjeve gang,  
oss selv og vårt til beste. Men husker vi vår neste?

Her krangler vi om lønn og tid, og syter over gråvær –  
Vi hever trygd og jobber «svart» og omgår rikets lover.  
Så samler vi, i hvert vårt stand  
til badetur i Sydens land, til hundemat og kattesand –  
video og parabol, trimrom, badstu, høyfjellssol,  
en bil, kan hende, eller to?  
På kjøkken og i vaskerom står alle slags maskiner.  
På veggen henger Weidemann, i kjeller'n ligger viner –

Vi burde kikke i oss selv – i dypet av vårt indre.  
Der lever vår samvittighet –  
Og lytter vi en stille stund,  
Så lyder kanskje fra dens munn:  
«Hør, kjære venn – din neste, hvor er den?»

Der oppe skinner månen gul, og stjerner tindrer over,  
De skuer ned på sultne barn, mens mette nordmenn sover –  
De samme stjerner skuer ned på nød vi burde lindre.  
Enn om vi reduserte litt, ja, klarte oss med mindre?

Lukker jeg øynene, ser jeg dem  
vandre langs stenete stier.  
Tynne, forskremte vandrer de frem,  
Ved hånden et søskjen, bak seg et hjem,  
Foran seg usikre tider.  
Jaget på flukt mot nord og sør,  
Forlater de fedrelandet hvor intet kan bli som før –  
Under de samme stjerner, ensomme, skremte, i fremmed land,  
uten en morshånd til lindring, uten en munn til å trøste,  
ligger det barn og dør.

*Jakop Eide*

# Påskekonsert i Sødorp kyrkje

**Palmesøndag 9.april** kommer bandet Pareli til Sødorp kirke med konserten "Påske", som formidler påskebudskapet inn i vår tid. Gjennom musikk, bibeltekster, bilder og lyssetting tas tilhørerne med på en vandring fra Palmesøndag til Påskemorgen. På repertoaret står både gamle og nye påskesalmer, arrangert for band på salmenes og kirkerommets premisser. Med sitt tradisjonelle og aktuelle innhold i en moderne drakt, henvender konserten seg til hele folkekirken og passer godt for alle aldersgrupper. Konserten er en av ti konserter som **Pareli** skal ha i løpet av april. Medvirkende er solist **Arne Pareli Pedersen**, **Ragnar Løsnesløkken**, bass, **Gunnar Melbø**, tangenter, **Thomas Gallatin**, slagverk/perkusjon og **Rune Hodne Hermundsplass**, gitar.

**Konserten begynner kl 19.30.**

**Bill. kr. 250,-. Ungdom under 16 år: Kr. 100,-**



## Sommerfuglen

*Den prektigkledde sommerfugl  
er flyyet fra Guds hånd.  
Han ga den gyldne ringer  
og røde purpurbånd.*

*Han lærte den å flyve høyt,  
høyere enn jeg er.  
Den har nok fuglens lyster,  
men ei dens dun og fjær.*

*Og alle verdens mennesker  
og alle kongebud  
ei gjøre kan en sommerfugl.  
Det kan alene Gud.*



Sommerfuglen er det eneste diktet av Henrik Wergeland som har blitt tatt med i Norsk Salmebok. Diktet ble opprinnelig skrevet som et læredikt for barn Forvandlingen som skjer når puppen blir til sommerfugl er det flotteste konkrete i naturen som viser Guds skaperkraft. Den viser betydningen av hvor unik og verdifull hver lille skapning er i Guds hånd.

Sommerfuglen har helt fra oldkirken vært brukt som et kristent oppstandelsessymbol. Larven som et bilde på det jordiske livet. Kokongen som et bilde på graven. Sommerfuglen som påminnelse om det evige livet som fortsetter i en annen form, på den andre siden av det stille mørket. En dag skal livet vårt bre seg ut i farger vi knapt nok visste bodde i oss. Faktum og mysterium. Forunderlig – men sant. Derfor: Pynt huset med sommerfugler i påsken! La dem minne deg om den evigheten du rommer, om det du har i vente, fordi Jesus gjorde det mulig den påsken som forandret alt. Fatt håp! Våg å tro ham! Riktig god påske!

*Hilsen Ingunn diakon*



# KIRKENS NØDHJELP

actalliance

## Ja, vi elskar dette vatnet

– Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.

Før kunne Wilson bruke mange timer på å hente vatn til familien. Køen ved brønnen kunne vere lang, og for kvart minutt med venting, vart det eit minutt mindre med fotballspeling saman med venene. For ein 13 år gammal gut er det hardt å akseptere.

Men vatn må familien til Wilson ha, og å skaffe vatnet er hans ansvar. Og det er eit tungt ansvar, bokstaveleg talt. Fire kanner med vatn skal fraktast frå brønnen og heim, og når kannene er fulle er vekta på 80 kilo. Det er god trim for ein 13-åring, kanskje litt for mykje av det gode, tenkjer mange. Men vatn må familien ha.

Den gode nyheita er altså at det nyleg har skjedd endringar i landsbyen Ikonda, der Wilson bur. I landsbyen har fleire brønnbyggjarar fått opplæring, og ein ny brønn er på plass. Den har gjort køen ved brønnen kortare og vatnet reinare. Sjukdommar som diaré og urinvegsinfeksjon er også langt sjeldnare enn før.

– Før kunne eg ha vanskar med å tisse, og eg hadde mykje vondt i magen. Men no er det mykje betre. I framtida håper eg at vasstilgangen vil bli endå betre, og at folk si helse også vert betre, seier Wilson, som no også har betre tid og helse til å spele fotball – slik 13 år gamle gutter skal gjere.

Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen. I 50 år har altså kyrkjelyder over heile landet bidrige til at millionar av menneske har fått den hjelpe dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast gjennom 50 år.

2017 er også året der lutherske kyrkjer over heile verda markerer at det er 500 år sidan Martin Luther hang opp tesene i Wittenberg. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diakoni i praksis ved å gå med bøsser den 2-4. april.

– Me kan ikkje alle berre reise til Wittenberg for å feire. Me må sette oss ned og sjå på alt me har oppnådd desse 500 åra. Me kan ikkje berre be om pengar, og seie halleluja og amen. Me må sjå på kva me kan gjere for samfunnet vårt, seier Emmanuel Makala som er biskop i den lutherske kyrkja i området der Wilson bur.

 JA, VI ELSKAR  
DETTE VATNET

Bli ein brønnbyggjar  
– støtt Fasteaksjonen


2-4.  
april

50 års-jubilanten Fasteaksjonen er den stødige påla i Kirkens Nødhjelps daglege arbeid. For å klare å hjelpe flest mogleg også dei neste 50 åra treng Kirkens Nødhjelp draghjelp frå våre trufaste bidragsytarar.

Du kan bidra til Fasteaksjonen i Nord-Fron anten ved å stille som bøssebærar, eller ved å gje pengar i bøssa.

**Tysdag 4. april kjem bøssabærare på besøk.  
Ta vel imot dei!**

**Det har aldri vore enklare å bli ein brønnbyggjar.**





# 26-30. juni 2017 Konfirmantleir på Nordfjord folkehøgskule

Konfirmantleir 2017 er for dei som skal konfirmerast våren 2018. På konfirmantleir skjer det mykje: Leik og moro på land og i vatnet. Undervisning i naturen, i kyrkja og på skulen. Noko skjer i smågrupper på 6-8 personar – andre ting skjer i storfellesskapet.

**Kva sit att etter leiren? Nye vener, ny kunnskap, meir kjennskap til kyrkja og kristen tru.**

Dei som no går i 8.klasse skal ha fått brev om konfirmantåret 2017-2018 – om ikkje – ta kontakt med kyrkjekontoret – 61 21 62 90

## KONFIRMANTAR I SØDORP KYRKJE LAURDAG 13. MAI 2017

Simen Andresen  
Tord Jonsson Bekkevar  
Sander Fagervold Bergset  
Ina Bjerke  
Marthe Rundtom Bøe  
John Stokkevåg Eide  
Laurits Stokkevåg Eide  
Kristiane Kongslø Espe  
Lina Gryttingslien  
Rakel Hatling  
Morten Byrbotten Haverstadløkken  
Erling Jakobsen  
Kevin Andre Skurengslien Kjosmoen

Thea Østendorp Kleiven  
Synne Letrud  
Aleksandra Lohaugen  
Edvard Martinsheimen  
Elin Haugen Meldal  
Andrea Skjeggestad Nord  
Julie Pedersen  
Kristine Ringen  
Tosten Sletten  
Marie Slåen  
Iver Stubbrud  
Jørgen Fjerdingen Tangen  
Hans Elias Tarud

## KONFIRMANTAR I SØDORP KYRKJE SØNDAG 14. MAI 2017

Silje Brende  
Oda Brende  
Sunniva Brendhaugen  
Eirin Resset Bråten  
Jørgen Eriksen  
Håkon Heide Gjerdingen  
Oliver Grøthe

Ronja Harildstad  
Sina Lillegrård  
Solveig Lunde  
Tobias Haverstadløkken Rognli  
Sigrid Sletten  
Thomas Westgaard

## KONFIRMANTAR I KVAM KYRKJE LAURDAG 20. MAI 2017

Synne Kjæstad Aspeslåen  
Stian Berge  
Vegard Milsteinhaugen Budberg  
Simen Evjenth Holen  
Jørjan Johnsgård  
Kristin Kamp  
Sofie Solberg Killi  
Elias Krok  
Aksel Lien

## KONFIRMANTAR I KVIKNE KYRKJE LAURDAG 27. MAI 2017

Åmund Sylte

## KONFIRMANTAR I SKÅBU KYRKJE LAURDAG 3. JUNI 2017

Ida Iverstuen Blekastad

# Biletveverska på Fivilbu

## Eit møte med Unn Virik

Ein vert stemd til andakt når ein kjem inn gjennom porten, og Fivilbu opnar sitt romslege tun for den besøkande. Natur og arkitektur går opp i ei høgare eining, til eit urbilde av Noreg, grodd ut av Skåbu sin heimlege grunn. Bjørkevedlad i lysande, stram givakt, garasje og stabbur mellom varmbrune furulegger, vinterbøygde bærbuskar i snøen i den skigardomkransa kålgarden. Og så huset som vart tømra på 1930-talet i kjend Skåbu-stil - det er som ein kan fornemme kor nøgde dei var, dei trauste skåbu-karane, Petter Baklien og Torvald Risdal, som bygde huset, og til slutt tok nokre steg attende og skoda sitt verk.

Det er i dette vakre, inspirerande miljøet dei mange fine kyrkjekstilane har vorte til, som legg sin farge på gudstenestene i Nord-Frons fire soknekyrkjer. Jamt og trutt har Unn Virik forsynt kyrkjene våre med messehaglar, stolaer og veggeppe, frå 1986, då ho vov den kvite messehaglen til Skåbu kyrkje, til den siste som no er under arbeid i vevramma. Unn har og vove to messehaglar, grøn og fiolett, til Svatsum kyrkje.

På plass i stova undrast vi korleis ho kom til å arbeide med kyrkjekstilar.

– Ja, det er litt rart, innrømmer Unn, for eg er ikkje noko spesielt truande menneske. Men eg fekk spørsmål av Inger Johanne Andresen, som då var leiar i soknerådet, om eg kunne lage ein messehagel til kyrkja. Det kjendest først litt skremmande, men samstundes utfordrande. Eg hadde arbeidd i mange år for Krogenæs, med biletvev til den såkalla «Kongestolen», og laga mange eigne billedepper, men dette med kyrkje-teklilar var noko heilt nytt. Men eg sa ja!

– Korleis kom du på motivet til messehagelen?

– Frå før var eg fortruleg med mytologiske motiv, men no var det å setje seg inn i kristen symbolikk. Eg fann eit fint motiv i Salme 42: «Som hjorten lengtar etter bekker med vatn, lengtar mi sjel etter deg, min Gud».

Kunne Unn ha truffe nok betre motiv enn dette? Messehagelen var ei gavé frå Skåbu sin mest trufaste kyrkjegengjar, Rønnaug Sagboden, som ikkje forsømte ei einaste messe i Skåbu kyrkje frå kyrkja vart innvigd i 1927, til ho braut lårhalsen i 1988; komen att frå sjukehuset, var ho igjen på plass i kyrkja, og heldt fram med det til ho kom på Sundheim nokre år seinare. Om det blir ein vane å gå til kyrkje, vert det og ein lengt. Det vert noko som manglar i livet om ein ikkje får med seg gudstenesta. Slik må vi tru at Rønnaug lengta til si kjære kyrkje, og til Gud. Rønnaug døde i 1994, 99 år gammal. «Som hjorten lengtar etter bekker med vatn - - -».

Det viste seg at Stiftsdireksjonen var mindre fortrulege med kristen symbolikk enn den ikkje så «spesielt truande» Unn. Stiftsdireksjonen - biskop og fylkesmann - skal god-



Fivilbu i Skåbu, heimen som lærar Margit Blekastad bygde.

Sidan 1981 har det vore heimen til Unn og Pål Virik og borna. Her budde også prestefamiliane Bremer og Røiseland.

Foto: Kj. Ruset

kjenne alt som har med kyrkjebygning og kyrkjeinteriør å gjøre. Ein utførleg søknad må sendast inn, med teikningar og grunngjeving. Forslaget frå Unn kom i retur til soknerådet, med ein merknad om at vel var Skåbu ei vakker fjellbygd, men reinsdyr høyrrer likevel ikkje med i ein kyrkjeleg samanheng. Den gode stiftsdireksjonen gjekk i surr både med zoologien og symbolikken! Då dei vart gjort merksame på kva slags dyr det faktisk var, med djup bibelsk symbolikk, vart messehagelen godkjend.

I stova til Unn og Pål Virik vert ein sitjande å sjå seg omkring. På alle veggger heng det maleri i sterke fargar og former.

– Det er for det meste far sine maleri, forklarar Unn. Far var kunstmålaren Hallvard Blekastad (1883-1966). Ho fortel at sommaren

2016, 50 år etter hans død, var det Hallvard Blekastad-utstilling på Aulestad. Han er og innkjøpt til Nasjonalgalleriet, og er representert i Lillhammer Maleirisamling. Mor til Unn var forfattaren og statsstipendiaten Milada Blekastad (1917-2003). Milada kom som 16-åring frå Tsjekkoslovakia til familien Inge Krokan i Gausdal, som var nabo og nære venner av Blekastad-familien. Milada stod 17 år gammal brur for Hallvard i Praha i 1934. Dei busette seg i Østre Gausdal, og fekk sju born.

Det er fleire kunstnarar i Blekastad-familien, kan Unn fortelje. Sigrid og Mari er kunstnarar som fører kunstnarnamnet Blekastad vidare. Dei er barnebarn av Milada og Hallvard.

– Og den kjende Gry Blekastad Almås i NRK?

– Ho er eg tante til!

Milada Blekastad gjorde eit banebrytande arbeid som

omsetjar av tsjekkisk litteratur, og med å gjere den tsjekkiske pedagogen Comenius kjend i Noreg. Comenius er ein av dei store i pedagogikkens historie. Lærarar i Nord-Fron har dei siste åra vore deltakrarar i EU sitt store «Comenius-prosjekt», som skal gje kompetanse og nye idéar i deira viktige arbeid.

«Åndsreppen» i Gausdal er eit kjent omgrep i kultursoga, og det var der Unn hadde sitt oppvekstmiljø. Bestefaren Ivar Blekstad var ein markant person. Han gjekk på Christoffer Bruun sin folkehøgskule på Nord-Sel i 1869, og var omgangs-venn med Bruun etter at han slo seg ned i Gausdal. Ivar var kjøpmann og gardbrukar, hadde også ysteri, og dreiv nokre år ein eigen friskule. Blekstad-heimen låg på Bruvang i Østre Gausdal. Der bygde også Milada og Hallvard sin heim, «Bu», der Unn vaks opp. Sparre Olsen og Inge Krokann med familiar budde i nabologatet og var omgangsvenner.

– Det var gode venner å vekse opp med. Sparre var ein festleg fyr. Han kunne prate tull med far, og dei fann på mange spillopper saman. Bror Tor har fortalt om dette spesielle miljøet i «Årbok for Gudbrandsdalen».

Unn fortel at ho fekk undervisning heime av mor og far dei første skuleåra. Så flytte familien til Oslo då Unn var ti år. Då vart det Steinerskulen, og etter det realskule og gymnas. Ho fortel at ho vart døypet heime av far Hallvard, og vart konfirmert i «Kristensamfunnet», som ifylge Store Norske Leksikon på nettet «er et registrert trossamfunn med prester, kirker og kultus, og vil formidle en kristendom som oppmuntrer det moderne mennesket til selvstendig erkjennelse av det guddommelige. Prestene har lærerfrihet så lenge det de forkynner er i samsvar med sakramentene».

Om Unn karakteriserer seg sjølv som «ikkje spesielt truande», er det tydeleg at ho ber på ein rik åndeleg og kulturell arv, som inspirerer henne i arbeidet med biletvev og kyrkjekstilar.

– Far døde då eg var 19. Han oppmuntra meg til å arbeide med teikning og måling.

– Men så vart det veving som vart ditt fag - ?



Unn Virik ved vevramma, med det som skal bli grønn messehagel til Skåbu kyrkje. Foto: Kj.Ruset.

## Unn Virik

### Kyrkjekstilar 1986 – 2017

- Messehagel, kvit, Skåbu kyrkje – 1986
- Biletvev, «Symbol», Skåbu kyrkjestugu – 1986
- Messehagel, kvit, Kvam kyrkje – 1987
- Stolaer - fiolett, grønn, kvit og raud, Kvikne kyrkje – 1989
- Messehagel, fiolett, Kvam kyrkje – 1989
- Stolaer – fiolett, grøn, kvit og raud, Kvam kyrkje – 1990
- Messehagel, grøn, Svatsum kyrkje – 1996
- Messehagel, fiolett, Svatsum kyrkje – 1996
- Biletvev, Heilage tre kongar, Søndorp kyrkje – 2003
- Messehagel, grøn, Skåbu kyrkje – 2017

– Ikkje med ein gong. Eg byrja på Kunst- og håndverkskolen i Oslo. Men så vart det ekteskap og barn, og ikkje meir studiar. På fekk jobb som lærar i Skåbu skule i 1971, og då flytte vi hit. Vi fekk overta Fivilbu etter tanta mi, Margit, som var lærar her i mange år. Ho døde 90 år gammal i 1981.

– Det var Nora Hernes som lærde meg å veve. Ho var ein god venn og inspirator. Mannen hennar, Sigmund, vov for Krogenes saman med Åse Frøysadal, og eg fekk overta den jobben etter dei.

Unn har opparbeidd seg eit namn som biltvevar. I 1995 hadde ho ei større utstilling av sine bilettepper i Galleri Arctandria i Oslo. Det var mykje publikum og godt sal.

Skal vi seie at også Skåbu hadde sin «åndsrepp»? Margit Blekstad på Fivilbu var i alle høve nabo til Hernes, sjølve Læraren i Skåbu, som ikkje minst har etterlate seg eit minnesmerke i alle dei vakre måleria av gardar i bygda. Og så vart Fivilbu prestegard! Prestefamilien Bremer, og etter dei familien Røiseland, hadde Fivilbu som bustad.

Fyrst lærarheim og prestebustad – og så flytta Unn og lærar Pål inn med borna Pål Hallvard og Tori. Framleis lærarheim, og dertil atelier for biletvevaren. Og no har Fivilbu allereide i mange år vore bestemor- og bestefarheim for fire barneborn.

Før vi takkar for oss, må vi sjå på det siste arbeidet, framsida til grønn messehagel til Skåbu, som snart er ferdig i veven. Motivet er «Kristus i mandorla» («mandorla» = spiss oval, kjend frå ikonografien og frå Henrik Sørensens altertavle med den oppstadne Kristus i Linköping kyrkje, og også frå altertavla i Hamar domkyrkje). Baksida får motiv frå Salme 72, 16 og Salme 104,2-4, og Skåbu-natur.

Så vert det liv i stova! Inn med sol og eit friskt drag frå vinterdagen kjem Pål og to kvite sjarmtroll, samojed-hundane «Silva» og «Varga». Det vert ei høveleg og festleg avslutning på eit interessant møte. Opplevinga av vår vakre fjellbygd Skåbu har fått ein ny dimensjon: Fivilbu, med sitt levande miljø av kunst, kultur og natur.

KJR

# Treng du.....

- Nokon å snakka med?
- Ein lyttar?
- Forbøn?

**Livet går ikkje alltid på skinner.**

I blant strevar vi med enkelte hendingar i liva våre. Noko kan vere vanskeleg å takla eller finna ut av. Kyrkjas medarbeidrarar har erfaring og kompetanse til å møte menneske med ulike behov i ulike livssituasjonar. Tilbodet er gratis, og kyrkjas medarbeidrarar har teieplikt.

**Sokneprest Jens Petter Ous**

Tlf: 61 21 90 62 93. Mobil: 975 74 993. E-post: [Jens.Petter.Ous@nord-fron.kommune.no](mailto:Jens.Petter.Ous@nord-fron.kommune.no)

**Diakon Ingunn Liseter**

Tlf: 976 82 694. E-post: [Ingunn.Liseter@nord-fron.kommune.no](mailto:Ingunn.Liseter@nord-fron.kommune.no)

**Kirkens SOS** tilbyr eit menneske å snakka med - til ei kvar tid. Det er ein døgnåpen krisetelefon for menneske i krise, og for den som ber på tunge tankar. Alle som ringer krisetelefonen vil bli møtt med forståelse og aksept.

**Tlf: 22 40 00 40** eller [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

**Jesus sier:**

**«Kom til meg alle dere som strever og har tungt å bære, og jeg vil gi dere hvile.»**

**Matteus 11.28.**

# Ungdomssatsing i kyrkja – kva er det?

I mars var eg for fyrste gong med på USB – «Ungdomssamling på DomBås». Dette er ein leir som blir arrangert for ungdom i Nord-Gudbrandsdal prosti. Alle ungdomar i Nord-Fron som er medlemer i kyrkja, blir inviterte. Det gjeld frå etter dei er konfirmerte til og med vidaregåande. USB er ei helg i ei rekke arrangement for ungdom i denne aldersgruppa. Målet vårt er å lage arenaer der ein kan møte ungdom frå heile området til sosialt samvær, artige aktivitetar og utvikling.

## Ei fin helg på Dombås

USB 2017 var ei utruleg fin helg som eg håper vi kan fortsette å arrangere i mange, mange år. USB er ei sosial samling som ein kan vere med på heilt uavhengig av anna tilhørighet til kyrkja. Samlinga kan og inngå som ein del av leiartrening i kyrkja sin regi. Samlinga er unik fordi ein her får oppleve fellesskap mellom deltakrarar, ungdomsleiarar (ungdom som er jamgamle med deltakar og under leiartrening), unge vaksne leiarar og vaksne leiarar. Forum der ein skaper fellesskap mellom slike grupper, er mangelvare, og det er svært verdifullt å få oppleve dette.

## Hyttetur med variert innhald

Eg trur leir er ukjent for mange. Kva er det? Er det klamt og kleint å vere i lag med andre ungdomar, både kjente og ukjente på ei hytte ei heil helg? Er det veldig lange bibeltimar eg kjem til å kjede meg på? Må eg sitte i ring på golvet og be høgt? Nei, nei og nei. Her er USB i nokre få stikkord: Hyttetur, måltid i fellesskap, song med eige leirband, lære om Bibelen, diskutere spørsmål om tru, dele tankar om tru og tvil, lytte, stå på ski, ake, leike. Kort sagt: Hyttetur med godt innhald!

## Ta utfordringa neste gong!

Min jobb som kyrkjelydspedagog er blant anna å skape eit tilbod for ungdomen. 270 ungdom var inviterte til leir med brev i posten, dei har fått tilbodet. Jobben er gjort. Eg kunne slått meg til ro med at vi var kun nokre få frå Nord-Fron på leiren i år. Men eg er ikkje nøgd med det! Eg må jobbe, prøve, teste, tenke på nytt heilt til eg finn eit opplegg som ungdom ynskjer å vere med på, som ungdom har utbytte av! Eg er trygg på at USB og øvrige leiatreningstiltak i kyrkja er opplegg ungdomane våre kan få stort utbytte av. Utfordringa mi det neste året er å sørge for at ungdomen har LYST til å vere med oss i kyrkja!

## Vaksne kan motivére

Heldigvis er det framleis slik at den kanalen som oftast er mest effektiv i å nå ungdom ikkje er Facebook eller Instagram, men oss vaksne som står nær ungdomane. Viss du kjenner og trur at eit miljø knytt til kyrkja med dei aktivitetar og sosiale moglegheiter eg har beskrive ovanfor, er bra for ein ungdom du kjenner, så opplys dei om at moglegheita er der! Har de spørsmål eller noko du vil ta opp, ikkje nøy med å kontakte meg. Eg, og mange andre i kyrkja i Nord-Fron, jobbar og ber for eit levande miljø for ungdom i kyrkja vår! Vi ynskjer di hjelpe i å få til dette!

*Helsing kyrkjelydspedagog  
Hildegunn Maria*

# BLOMEFOND

Blomefond var ei kjend sak i Nord-Fron tidlegare. Kvart sokn hadde sitt blomefond, som folk kunne gi til i samband med gravferder. Ein fekk eit kort/ folder som vart gitt/ sendt til dei sørkjande, og så vart pengane gitt til kyrkjelyden sitt blomefond.

Blomefondet vart nytta til å pynte i kyrkje og på kyrkjegard.  
Og til anna som gjorde det pent i og rundt kyrkjene våre.

Sokneråda i Nord-Fron har no ”gjenoppliva” blomefonda.  
Nye folderer er laga – pene doble kort – til bruk ved helsingar til sørkjande.  
Formålet til blomefonda er som før. Fonda styrast av sokneråda.

#### Følgjande stader kan ein skaffa seg blomefond-kort:

For alle sokn: På kyrkjekontoret og i Sparebank1 på Vinstra.  
Gravferdsbyråa har også desse blomefondkorta.

#### Attåt dette kan ein skaffa seg kort følgjande stader:

Blomefondet i Kvam: På Kiwi Rudland og på Bjørke gartneri. 2095.20.65069

Blomefondet i Kvikne: I Sparebank1 på Vinstra 2095.52.83652.

Blomefondet i Skåbu: På Samvirkelaget. 2095.53.06628.

Blomefondet i Sødorp: Tusenfryd (Peer Gyntsenteret). 2095.31.32606.

**Spørsmål om blomefonda: Ta kontakt med kyrkjekontoret: tlf 61 21 62 90**

# SALMEKVELD


**Torsdag 20. april kl.19**

Kvam kyrkje

**Tema:**

**Salmer til konfirmasjonane i Nord-Fron 2017**

***Vel møtt til en triveleg kveld med salmesong og kaffi!***



## “Estin Kjørren”-kveld i Kvikne kyrkje fredag 1.september

Estin Kjørren (1727-1805) skar ut og måla altertavla og preikestolen i Kvikne kyrkje.

Det som er mindre kjent, er at han også skreiv salmar. Til å framføre Estin Kjørren sine salmar, kjem **Jon Faulstad** som har tonesett salmane. Han akkompagnerer songaren **Reidar Svare** på trekspill.

Nærare kunngjering i neste nummer.  
**Sett av kvelden allereide no!**

# STATISTIKK FOR NORD-FRON PRESTEGJELD 2016

*(2015 i kursiv)*

Sak / Sokn >	SØDORP		KVAM		KVIKNE		SKÅBU	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016
Medlemmar *	3380	3354	1233	1234	283	284	305	309
Innmeldte	3	0	0	0	0	0	0	0
Utmeldte	4	6	1	0	0	1	2	1
Dåp i soknet	19	23	17	13	3	8	3	1
Derav busett i sokn	13	20	9	9	1	2	0	0
Konfirmantar	37	30	22	14	3	4	3	3
Vigslar	5	0	2	4	0	0	4	2
Forbøn borgarleg vigsel	0	0	0	0	0	0	0	0
Gravferder	36	29	27	16	5	5	14	8
<b>Gudstenester</b>								
Gudstenester sön-/ helgedagar	42	38	26	25	21	21	24	20
Deltakrarar	2586	2334	1903	1742	868	695	859	652
Gudstenester u- sön-/ helgedagar	13	16	8	8	1	2	3	5
Deltakrarar	1125	1382	437	384	94	75	75	174
SUM - Totalt tal gudstenester	55	54	34	33	22	23	27	25
SUM - Deltakrarar	3711	3716	2340	2126	962	770	934	826
Gudst. m/ nattverd	22	25	14	15	11	13	13	10
Deltakrarar	385	544	274	264	154	144	149	116
Gudst.m/ skriftemål	0	0	0	0	0	0	0	0
Deltakrarar	0	0	0	0	0	0	0	0
Familiegudstenester	9	9	8	6	8	8	5	6
(Utanom julaftan)	8	8	6	5	7	8	6	5
Deltakrarar	520	586	453	300	229	277	143	145
Gudst. for ungdom	4	4	3	3	1	2	2	1
Deltakrarar	431	313	217	266	46	106	64	75
Gudst.barnehagar	5	4	1	1	0	0	1	1
Deltakrarar	208	167	51	31	0	0	16	18
Gudst. skular	3	3	1	1	0	0	1	1
Deltakrarar	572	560	130	118	0	0	40	41
Julaftans-gudst	3	3	1	1	0	0	2	2
Deltakrarar	370	266	300	315	0	0	218	173
Gudstenester i påska	4	4	2	2	1	1	3	3
Deltakrarar	120	152	64	56	23	33	107	95
Allehelgensgudst	1	1	1	1	1	1	1	1
Deltakrarar	115	59	58	56	26	25	45	27
Økumeniske gudst.	1	1	0	0	0	0	0	0
Deltakrarar	27	39	0	0	0	0	0	0
Konsert i kyrkja	4	4	3	4	2	2	3	4
Deltakrarar	594	510	251	295	29	21	146	284
<b>Økonomi/ kollektar/ innsamlingar</b>								
Ofringar totalt	53175	39984	28887	27762	14616	12458	23022	18935
Ofringar eige sokn	16951	17598	7211	7647	6354	5356	4145	1197
Innsamla midlar	21348	16009	7880	5457	2812	2202	3949	3524

\*Medlemmer: Tal frå kyrkja sitt medlemsregister. (Medlemmar og tilhøyrande).

Jens Petter Ous, 31.01.2017

**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL   
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no

**Vinstra;libris**

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra  
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no  
www.libris.no/vinstra



**HÅREK**  
FRISØRSALONG  
-KVAM-

**Vekstra**  
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra  
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang  
Tlf 61 29 52 70



**Jylmoen's  
Gartneri & Blomster**  
SØDORP, TLF. 61 29 15 46

 **Dale-  
Gudbrands  
GTrykkeri a.s.**  
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)

**OM Bakken Bygg AS**  
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra  
Tlf. 61 21 60 00  
Fax 61 21 60 01

**CIRCLE K**

Vinstra.  
Tlf 61 29 04 01

 **TOYOTA**

 **DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
<http://vinstra.toyota.no> - E-mail: post.vinstra@toyota

 **Hageland**  
Børke

Tlf 915 750 74  
Vi hjelper deg med blomster til  
begravelse og andre anledninger.

 **Bakken  
Begravelsesbyrå** Tlf. 47 68 22 27



**Gudbrandsdal  
Energi**  
Tlf. 61 29 47 00 - [www.ge.no](http://www.ge.no)



**BE Sanden Bygg**

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar



Elvevegen 5, 2642 Kvam. Tlf: 98 26 68 80



Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

**Vinstra Begravelsesbyrå**

*Liv Veikleenget*

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter  
Etablert 1979



Tlf. 61 29 49 40 - [www.rondablikk.no](http://www.rondablikk.no)

Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:

- Bannedåp • konfirmasjon
- bryllup.

Om det er noen som runder år,  
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.  
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske  
Rondane.



Parkerings - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173  
2642 Kvam

**TEIGEN – TANGEN**  
**byggfirma**

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

**Peer Gynt Seterveg**

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.  
Den møter Kvam Stereveg på grensa Sødorp/Kvam.

Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: [www.peergyntseterveg.com](http://www.peergyntseterveg.com)



**ruste regnskap**

Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 525  
E-post: post@rusteregnskap.no

# REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00

# CIRCLE K

Kvam  
Tlf 61 29 44 30

# KIWI mini pris

KIWI KVAM  
TLF. 612 16 850

## HVEM KAN SLÅ Anne Kari Haugalien?

MIDTDALENS HUMORDRONNING  
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST

## Furusjøen rundt FOR ALLE!

RENN RITT LØP

Aktive og mosjonister  
Flere distanser  
Ulike utfordringer



Tlf. 922 50 868



Tlf. 971 88 621

# Fron raktorService

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



## SLANGEN SETER 2643 SKÅBU



Tlf. 61 29 55 18 - Mobil: 99 59 55 18 - 90 95 88 38  
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Skåbu Servicesenter  
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208  
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen

# coop marked

# SKÅBU REGNSKAP AS

[post@askaaburegnskap.no](mailto:post@askaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898

RM MEDLEM  
REGNSKAP  
NORGE



# KLYPPEKROKEN

TOVE IREN ERIKSEN

Tlf. 97 73 72 14

## STØTT VÅRE ANNONSØRER!

## NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.  
E-post: [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

# Folkekyrkje i ei ny tid...

Frå 1.januar 2017 er Den norske kyrkja – ”statskyrkja” – ikkje lenger ei kyrkje bunden til staten, slik den har vore. Rett nok er det stortinget som skal vedta lover for kyrkja, men drifta av kyrkja er det no kyrkjemøtet (og kyrkjerådet) som har ansvar for. Økonomien vert som før; statlege overføringer som vert fordelt til mellom anna å dekke lønningar til prestane og leiinga av kyrkja på landsplan og bispedømeplan. Trusopplæring og tilsette i trusopplæringa vert også finansiert frå staten. Lokalt er det løvingar frå kommunane som finansierer kyrkjebygga og dei tilsette som er knytt til kyrkjelydane lokalt.

På ein måte har vi fått ei ny kyrkje, samstundes er veldig mykje likt det som har vore! For folk flest vil det ikkje vere nokon forskjell på slik det var og slik det er no.

I grunnlova er det no teken inn ein paragraf som talar om den gamle ”statskyrkja” som ei ”folkekyrkje” (§16). *Alle innbyggere i riket har fri religionsutøvelse. Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten. Nærmore bestemmelser om Kirkens ordning fastsettes ved Lov. Alle tros- og livssynsamfunn skal understøttes på lik linje.*

Den gamle ”kyrkjeparagrafen” i grunnlova - §2 – definerte at Kongen var øvste leiar av den evangelisk lutherske kyrkja, og denne kyrkja var då definert som Noregs statsreligion.

Endringane kjem av at Noreg no er eit pluralistisk samfunn, det vil seie, det er menneske med mange slag tru som lever ved sidan av kvarandre. Då lyt alle innbuarar behandlast på same måte. Samstundes er storparten av folket medlemmar av Den norske kyrkja – folkekyrkja – noko som gjer at denne kyrkja er nemnt særskilt i den nye paragrafen i grunnlova.

Kva så med folkekyrkja i Nord-Fron? Etter å ha arbeida med års-statistikken for 2016, så er det noko som gleder meg og noko som gjer meg bekymra:

Det som gjer meg glad er oppslutninga om dåp i kyrkja. Nesten 100% av dei som får born og er medlemmar av kyrkja, døyper borna sine. Like eins er det stor oppslutning om trusopplæringstiltaka våre for dei yngste årskulla; då snakkar vi om born opp til 10 år.

Også konfirmasjon er det stor oppslutning om, sjølv om vi der merkar noko ”avskaling”.

Det som bekymrar meg – og det som er avgjerande for om vi kjem til å ha ei kyrkje som kan kallast ei folkekyrkje i framtida – er oppslutning om det som elles skjer i kyrkja. Då tenkjer eg særskilt på gudstenestene. Statistikken for kyrkja finn de ein annan stad i dette nummeret av kyrkjebladet. Les vi denne statistikken, så ser det ut som om kvart medlem av kyrkja på Vinstra (Søndorp sokn) er på berre ei gudsteneste i året (1,1 gudstenestedeltaking i året). I Kvam, Kvikne og Skåbu er talet noko høgare, men absolutt ikkje noko å skryte av (Kvam – 1,7; Kvikne – 2,5; Skåbu – 2,7).

Ei folkekyrkje står og fell med om kyrkjemedlemmane brukar kyrkja si eller ei.

Då ligg det på medlemmane å ta del i gudstenestene, og det ligg på oss tilsette å gjera gudstenestene så gode og relevante som mogeleg.

Folkekyrkja er i endring. Den er demokratisk styrt, gjennom kyrkjemøtet. Endringar vert vedtekte med stemmetal, der fleirtalet vinn fram med sine synspunkt. Det er demokrati i praksis. Alle endringar er krevjande – det veit vi noko om alle saman. Og endå meir krevjande blir det når kyrkja endrar syn på områder som krev ei ny tolking av skrifa (Bibelen).

Vi har som kyrkje vore gjennom fleire slike saker; no sist er det synet på ekteskapet som har vorte endra i og med at kyrkja no kan vie likekjønna par. Samstundes har kyrkjemøtet sagt at det skal vere rom for begge syna (tolkingane av skrifa) i kyrkja. Då krev det både vilje til å forstå kvarandre og vilje til å respektera kvarandre. Berre på den måten kan vi halda kyrkja saman. Om ikkje, forvirrar kyrkja.

For meg – som er glad i kyrkja vår – er det då viktig å seie to ting: For det første har kyrkja eitt sentrum; det er Frelsaren Jesu Kristus. Ei kristen kyrkje er ei kyrkje som følgjer Hans ord. For det andre: Kyrkja er samlinga av dei som trur på Frelsaren. Kyrkja er menneske. Mange menneske. I Nord-Fron til saman 5180 menneske (Statistikk 2016).

I eit slikt kyrkjefellesskap vil det alltid og til alle tider vera ulike tolkingar av Bibelen; Guds ord. I dette felleskapet søker vi å overbevisa kvarandre om kva bibelen seier; kva bodskap bibelen har for oss i dag.

At vi stundom kjem til ulike konklusjonar er naturleg. Det skulle ikkje vera nokon overrasking! Ord som toleranse og respekt har ofte vorte brukt når vi talar om forskjellar mellom oss; og desse orda må bli omsett i praksis, om vi skal kunne halda kyrkja saman i framtida.

Skal folkekyrkja halda fram som ei folkekyrkje

- er det viktigast at vi ikkje mistar sentrum av syne; Jesus Kristus,
- og at vi held saman trass ulik forståing av bibelen sin bodskap,
- og at vi ikkje set oss på sidelinja og lar alle andre syn leggjera fellesskapet av dei truande,

Folkekyrkja i Nord-Fron er alle medlemmane av kyrkja her. Ta kyrkja i eige! Finn din plass i fellesskapet! Då har folkekyrkja ei framtid, og ber med rette namnet ”folkekyrkje”.

Jens Petter Ous

## Gudstenester i Nord-Fron april – juni 2017

Tid/ Dag/ Dato	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
4.s.i.fastetida <b>2.april</b> Joh 11,45-53	17 Kapellet Familiegudst. Nattverd. 6-års-boka JPOus	11 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous	11 Familiegudst. Nattverd. 6-års-boka Kjartan Ruset	
Tysdag <b>4.april</b>	19.30 Kyrkja Ungdomsgudst i samband med Fasteaksjonen 2017 / JPO			
Palmesøndag <b>9.april</b> Joh 12,12-24			11 Høgmesse Nattverd Maria Walfridsson	19 Ungdomsgudsteneste Nattverd. Leirungdom får Slangen og M.Walfridsson
Skjærtorsdag <b>13.april</b> Matt 26,17-30	17 Kyrkja Nattvergdugstenste Jens Petter Ous	19 Nattvergdugsteneste Jens Petter Ous		
Langfredag <b>14.april</b> Luk 22,39-23,46	11 Kapellet Langfredagsmesse Maria Walfridsson			19 LangfredagsmesseMW 21 Sikkildalssæter Påskegudsteneste JPOus
Påskeaften <b>15.april</b>	23 Påskennattsmesse	Nattverd. Lystenning	Felles for Sel, Sør- og Nord-Fron	
Påskedag <b>16.april</b> Luk 24,1-9	11 Kyrkja Høgtidsmesse Nattverd Maria Walfridsson		11 Høgtidsmesse Nattverd Jens Petter Ous	18 Høgtidsmesse Nattverd Jens Petter Ous
2.påskedag <b>17.april</b> Luk 24,13-35	10.30 Sundheim Høgtidsmesse . Nattverd Maria Walfridsson			
2.s.i.påsketida <b>23.april</b> Joh 21,1-14		11 Høgmesse Nattverd Konf.innskr. Jens Petter Ous		
3.s.i.påsketida <b>30.april</b> Joh 10,11-18	17 Kyrkja Kveldsmesse. Nattverd. Konf.innskr. Maria Walfridsson		19 Høgmesse Nattverd Konf.innskr. Jens Petter Ous	
Arb.int.solidaritetsdag <b>1.mai</b>		11 Solidaritetsmesse Jens Petter Ous		
4.s.i.påsketida <b>7.mai</b> Joh 16,16-22	19 Kyrkja Samtalegudst Konfirmantane og JPOus			11 Høgmesse Nattverd. Konf.innskr. Maria Walfridsson
Laurdag <b>13.mai</b>	11 Kyrkja Høgmesse med konfirmasjon JPOus			
5.s.i.påsketida <b>14.mai</b> Joh 15, 1-8	11 Kyrkja Høgmesse med konfirmasjon JPOus			
Grunnlovsdagen <b>17.mai</b> Luk 1,50-53	09.15 Ruste Andakt JPOus Ca 11.30 Kyrkja Familiegudsteneste JPOus	Ca 11.30 Familiegudsteneste Maria Walfridsson	10.15 Familiegudsteneste Maria Walfridsson	Ca 14.00 Familiegudsteneste Jens Petter Ous
Fredag <b>19.mai</b>		19 Samtalegudsteneste Konfirmantane og JPOus		
Lørdag <b>20.mai</b> Luk 18,1-8		11 Høgmesse med konfirmasjon. J P Ous		
6.s.i.påsketida <b>21.mai</b> Luk 18,1-8	11 Kapellet Familiegudst. 4-års-boka Maria Walfridsson			
Kr.himmelfartsdag <b>25.mai</b> Mark 16,19-20				19 Samtalegudst. for Kvikne og Skåbu Jens Petter Ous
Lørdag <b>27.mai</b> Joh 15,26-27			11 Høgmesse med konfirmasjon JPOus	
Søndag før pinse <b>28.mai</b>	Ingen gudstenester denne søndagen – Sjå Kvikne lørdag			
Pinseaftan <b>3.juni</b> Joh 7,37-39				11 Høgtidsmesse med konfirmasjon JP Ous
2.pinsedag <b>5.juni</b> Joh 16,5-11	10.30 Sundheim Høgtidsmesse. Nattverd Maria Walfridsson			
Treeinigkeitssøndag <b>11.juni</b> Matt 28,16-20		10 Familiegudst. Krølle -2-årsboka Maria Walfridsson	12 Tverrbrygda grennahus Krølle -2-årsboka Maria Walfridsson	
2.s.treeiningstida <b>18.juni</b> Matt 3,11-12	12 Kyrkja Familiegudst. Krølle -2-årsboka Jens Petter Ous			10. Familiegudst. Krølle -2-årsboka Jens Petter Ous